

## Menkerud – Menkerudenga (gnr. 79)

Menkerud: Namn som truleg av ein eller annan grunn kjem av meinke, gjera mein. Namnet kan frå først vera brukt i spøk.

Ein merker seg at ein ikkje finn bruket Menkerud nemnt i matrikkel framlegget av 1723, og i kyrkjebøkene er det først nemnt i 1804. Det er da fortalt at Berit Kristensdr. Meinkerud hadde fått eit barn med Nils Jonsen Aasen av Ringsaker, og at den vesle vart kalla Anne. Meinkerud er gardnamnet også skrive i 1806. Ektefolka der, Halvor og Marit, fekk da tvillingparet Halvor og Kjersti, men Halvor døde som barn, og i 1812 fekk dei atter eit tvillingpar som vart døypt Halvor og Marit. Ein merker seg at også da er gardnamnet skrive ”Meinkerud”, men i 1816 er det i same kyrkjeboka skrive ”Minkerud”. På ein bygselsedel av 1799 frå foged Lyng til Halvor Madsen på pl. Menkerudsvea av skyld 1 ½ skinn er dessutan dette namnet skrive ”Munkerudsveen”.

Ved folketellinga i 1801 er det dessutan oppgitt at Halvor og Marit budde i ”MenkerudSveen”, og at bror til Halvor, Kristen Madsen, som var 17 år og knappmakar, og budde der.

I matrikkelframlegget for Fåberg av 1819 er garden framleis kalla Menkerudsveen, og det er oppgitt at buskapen av store husdyr på bruket da var 1 hest, 2 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 6 tønner. – ved matrikuleringa av gardane i 1838 er namnet det same, og Menkerudsveen fekk da som ny skyld: 4 ort 7 skilling.

Alt det som her er fortalt om Menkerud hendte medan bruket enda var bygselgods under krona. Det var først Marit Paulsdr. som fekk ”Kongelig Skjøte” på garden, og ein merker seg at i dette skjøtet er namnet på bruket atter skrive ”Meinkerud”. Skjøtet er elles datert 10. mars 1847.

Marit Paulsdr. fekk så garden delt i to like store bruk, slik at matr.skylda på det eine bruket vart sett til 2 ort 3 skill. og på det andre bruket til 2 ort 4 skill. Samtidig selde så Marit Paulsdr. det eine av dei nye bruk til sonen sin, Johannes Pedersen, og det andre bruket, av skyld 2 ort 4 skilling, til sonen sin Halvor Halvorsen. Ved skylddelinga fekk så dette bruket ”Menkerud nordre eller Menkerudsveen”, og bruket til Johannes Pedersen fekk namnet: Menkerudsveen søndre. Båe dei nye brukarane var med å svara føderåd til Marit Paulsdr., eit føderåd av samla 5-årleg verdi 90 spd.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 er det om Menkerudsveen nordre oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje i den tid var 48 mål, og av dette var 10 mål jord av 1. klasse. På Menkerudsveen søre var dei tilsvarande areal 40 mål og 12 mål. Det var da Johan Johannessen som var brukar i Menkerudsveen søre, og Hans Halvorsen var brukar på Menkerud nordre.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Dei to bruka Menkerudsveen fekk da felles gardsnr., nr. 79, Menkerudsveen av samla skyld 2,22 mark, og det var da 2 bruksnr. under grn. 79. Det var: a. Grn. 79, brn. 1 Menkerud søndre av skyld 1,21 mark, som Mathias Halvorsen da var eigar eller brukar av, b. Brn. 2 Menkerud nordre av skyld 1,02 mark, som Hans Halvorsen framleis var eigar og brukar av. Ved matrikuleringa i 1886 fekk dessutan dei to bruka Spiten og Menkerudenga, som sikkert og har

sitt namn etter Meinkerud, eige sams gardsnr., nr. 81, av samla skyld 0,60 mark. Oppsittar på Menkerudengen av skyld 0,36 mark, var i den tid Lars Hansen Hinkleiv, og oppsittar på Spiten, skyld 0,24 mark, var Torger Johannessen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det skjedd dei skifte at Kristian Kr. Spikkerud da hadde grn. 81, brn. 1 Menkerudengen, Grensen, og Lars Larsen hadde grn. 81, brn. 2 Spiten.

Av handlar med Menkerud og parsellar av gardane i seinare tid tek vi elles med at i 1905 gav Hans Halvorsen skjøte til Samuel Hansen på Menkerud nordre for kr. 1200,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 625,-.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 i alt 10 personar med røysterett på dei bruka vi her har omtala. Det var på Menkerud-gardane: 1. Gardbr. 1 Mathias Halvorsen, 56 år, 2. Helene Evensdtr., kona hans, 54 år, 3. Føderådsmann Hans Halvorsen, 64 år, 4. Gardbr. Samuel Hansen, 36 år, 5. Anna Larsdtr., kona hans, 34 år. I Grensen: 1. Gardbr. Kristian Grensen, 66 år, 2. Petra Andersdtr., kona hans, 64 år, 3. Emil Kristiansen, son, 28 år. I Spiten: 1. Gardbr. Lars Larsen Spiten, 54 år, 2. Oline Torvaldsdtr., kona hans, 36 år. Ein merker seg at dette var i den tid da røysterettsalderen var 25 år.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 er det under desse gardsnummer framleis 3 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 79, brn. 1 Menkerud søndre med eit jordbruksareal på ca 30 mål, som Even Meinkerud da var eigar og brukar av, b. Brn. 2 Menkerud nordre, areal ca. 25 mål, eigar og brukar Lars Hinkleiv, c. Grn. 78, brn. 1 Skålien, areal ca. 30 mål, som Johan Slålien var eigar og brukar av.